

Haukeli 29 05 2013

Harald H Kvaalen  
Nedre Ormekvaalen  
Hauganevegen 28  
3895 Edland

NVE  
Konsesjonsvdelinga  
P.b. 5091 Majorstua  
0301 Oslo

200703195-50  
KVAALEN 315

### Krav i samband med revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Tokke-Vinjevassdraget

Underteikna er eigar av busett i Vinje kommune og eig Nedre Ormekvaalen Gnr. 95, bnr. 1 og Gjøsløys Gnr. 102, bnr. 1. Fyrstnemnde eigedom var påverka av utbygginga av Kjela og Vaafoss, seistnemnde av reguleringa av Bora, frå Bordalsvatnet til Venemo. Vilkårsrevisjonen må vera eit høve til å oppgradere vilkåra til dei krav som ville gjelde no for ei tilsvarande utbygging. Det kan heller ikkje vera slik at revisjonen vert nytta til å påføre grunneigarar og bygdesamfunnet nye ulemper og kostander.

1. **Manøvereringsreglement.** På side 14 i Revisjonsdokument 2013 stend det at manøvereringsreglementet kan reviderast på linje med andre vilkår.
  - a. **Minstevassføring i Bora.** Med den natur og miljølovgevinga som no gjeld er det utenkeleg at reguleringa ville vore gjennomført i dag utan minstevassføring i alle hovudvassdraga. Det må difor verta innført minstevassføring i heile Boravassdraget frå Årnotvatnet til Edland.
  - b. **Magasinregulering.** Det må og koma klare reglar for når magasina skal vera fylt opp att til eit vist nivå om sommaren. Omsyn til miljøet i vatnet talar for det. Forsyningstryggleiken gjer og det. For Bordalsvatnet kan fylling til 5m under HRV frå 1 juli vera eit rimeleg utgangspunkt.
2. **Nytt båtuset i Bordalsvatnet.** Båtuset ligg svært utsett for vestaveret slik at det ofte er vanskeleg å båtane ut og inn der. Det vil vera betre å flytte det innover i vika mot overløpet, slik også Alfred Apland og Arne Skogheim har gjort framlegg om.
3. **Vedlikehald av anleggsveggar som er opne for allmenn ferdsel.** Det må slåast klårt fast i dei nye vilkåra at Statkraft har ei plikt til å vedlikehalde anleggsveggar som er opne for allmenn ferdsel.
4. **Utsetting av fisk.** Regulanten vart i 1956 pålagt å setje ut fisk i skjønn for å bøte på skadane som grunneigarane vart påført. Pålegget vart teke opp att på side 125 i meddelte vassdragskonsesjoner 1964. Der stend ingenting i skjønnet om at Staten ved Fylkesmannen kan stoppe utsettinga av fisk fordi Staten meiner fisket på eigedomane må forvaltast gjennom sal av fiskekort. I NOU 2007: 14, kapitel 4, er det slege fast at Staten aldri har hatt nokon overeigedomsrett til privateigd jord og utmark i Noreg. Grunnlova slår fast at me har næringsfridom her i landet. Korleis fiskeressursane på eigedomane skal nyttast best mogleg økonomisk er difor ei sak for eigaren som Fylkesmannen og konsesjonsrevisjonen har ingenting med.
5. **Vegen inn til Gjøsløys.** I dokumentet på side 33 kapitel 8.1.6 er det nemnt at veggen inn til Gjøsløys er ein tiltaksveg som er "åpen til benyttelse". Denne traktovegen vart bygd fordi den gamle veggen til garden Gjøsløys og Gjøsløysstøylen vart neddemt då Venemodammen vart bygd. Som grunneigar vil eg presisere at veggen ikkje er open for allmenn ferdsel med bil eller traktor. Veggen har tidlegare vore stengd med låst grind. Statkraft skriv også i punkt

10.4.8 på side 50 i Revisjonsdokument 2013 at "Det er godt beskrevet i skjønnet at allmennheten ikke har rett til adgang på tiltaksveiene." Vegen er sjølvsagt open for allmenta sin ferdsel til fots og på anna vis i samsvar med retten til fri ferdsel.

- 6. Nytt skjønn for fallerstatningar for Vafoss.** Dette punktet er på sida av regulanten meiner revisjonen skal dreie seg om, men eg tek det med slik at det er nemmt. Vafoss var ei separat utbygging av eit småkraftverk som der var lokale utbyggingsplanar for. Samfunnsnyttan av utbygging i lokal regi ville vore minst like stor som utbygging i regi av staten. Erstatninga vart målt ut etter naturhestekraftprinsippet og vart sett til ein brøkdell av reell verdi. Dette var og er utvilsamt i strid med Grunnlova § 105. I ljøs av nye domar om naturhestekraftprinsippet og utfallet av Tomtefestesaka vil det difor koma krav om nytt skjønn for Vafoss slik eg varsla ved oppstarten av bygginga av nytt Haukeli Kraftverk. Avhengig av utfallet vil det verta vurdert krav om nye skjønn også på andre fall.

Alle krav, stilte her og av andre, som vil medføre ein viss kostnad for Statkraft, må sjåast i høve til dei store verdiar selskapet kvart år tek ut av lokalsamfunnet. Ut frå tala som er oppgjevne frå Statkraft si side i Revisjonsdokument 2013, er bruttosummen truleg ein stad mellom 400 og 800 millionar kvart år berre i Vinje kommune. Statkraft sine eigne simuleringar syner at det samla produksjons- og inntektstapet vil ved å stille nye krav til magasinifilling og minstevassføring, vil vera små samanlikna med den totale kraftproduksjonen og dei verdiane Statkraft hentar ut av området kvar år.

Karalld H. Kwæler